



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/17	Formannskapet	26.01.2017
005/17	Kommunestyret	02.02.2017

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
15/232 - 17/111	K1 - 216, K2 - S11	Bjørn Sture Rosenvold 57 63 29 51	16.01.2017

Revisjon av konsesjonsvilkår for Aurlandsvassdraget. Vidare saksgang

Kort samandrag

NVE har bede Aurland kommune å kome med innspel og eller krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Aurlandsvassdraget innan 01.03.2017. Aurland Elveeigarlag har fremja krav om revisjon og det har kome merknad frå Villreinnemda sitt sekretariat, om vidare prosess. Aurland kommune ved formannskapet (kontaktutval) starta prosessen med dialog om system for forhandlingar om miljøforbetringar med e-co Energi AS i 2012. Kommunestyret i Aurland har tidlegare handsama endring av prioritet for vilkårsrevisjon i samband med regional vassforvaltningsplan. Ein formell vilkårsrevisjon der regulant/konsesjonær tek stilling til mange ulike krav frå vassdragsmyndigheit, tek utgreiingsarbeidet og løysingar vekk frå lokal styring og medverknad. Det er då auka risiko for høgare konfliktnivå. Administrasjon vil difor rå til at kommunen ikkje krev formell revisjon no, men samarbeider med regulant og NVE om å etablere forhandlingsarenaer og utarbeiding av eit lokal basert utgreiingsprogram med framlegg til framtidsretta miljøtiltak. Om partane ikkje vert einige kan kommunen krevja formell revisjon med spesifisering av detaljerte krav jf fagleg utgreiing frå Multiconsult AS.

Rådmannen si tilråding:

Aurland kommune har i mange år arbeid med problemstillingar knyta til fordeler og ulemper med vasskraftanlegga i kommunen. Dette femnar om miljøforbetringar med vektlegging på fisk, villrein, kjemiske, biologiske og hydromorfologiske tilstandar.

Kommunen prioriterer miljøtiltak med reell effekt, flaumdempingstiltak og opprusting

og utviklingsplanar. Kommunen legg opp til å etablera gode samarbeidsrelasjonar, der ein legg vekt på systematiske diaologmøter og inn henting av kunnskap/løysingar frå fagmiljø og alle relevante partar.

Aurland kommune har ein god dialog med regulant i Aurlandsvassdraget om oppfølging av vassdirektivet samt planlegging/utvikling og iverksetjing av miljøforbetrande tiltak. Betra kunnskapsgrunnlag, eit godt samarbeid og nyare faglege utgreiingar om miljøtilhøva knyta til vasskraftproduksjon, gjer det ikkje hensiktsmessig å fremja krav om vilkårsrevisjon på det noverande tidpunkt. Kommunen vil på dette grunnlaget innleia forhandlingar med regulanten. Notat 127911 frå Multiconsult AS vert teke til vitande og lagd til grunn for vidare arbeid med miljøbetringar.

Aurland kommune sitt tidlegare vedtak i samband med regional vassforvaltningsplan for Sogn og Fjordane Vassområde, om å endre aurlandsreguleringa si prioritet frå høg kategori 1.1. til lågare prioritet kategori 2.1 står ved lag

26.01.2017 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Framlegg frå Anders Fretheim:

Aurland kommune fremjar overfor NVE krav om vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget innan fristen 01.03.2017, sett i brev av 19.12.2016 frå NVE.

Notatet 15/232-7, Vilårsrevisjon for Aurlandsanlegga - nytt vedlegg til sak 004/17 i FS 26.01.2017, er tilsendt medlem etter utsending. Notatet vert knytta til saka før den går til kommunestyret.

Orientering i møtet v/ advokat Aksel Tannum og Maya Eika Davidsen frå Haavind.

Brev datert 26.01.2017 frå Aurland Elveeigarlag v/Bjørn Vike vart utdelt i møtet.

Framlegg frå Anders Fretheim.

Alternativ røysting:

Framlegg frå Anders Fretheim: 2 røyster for

Tilråding frå rådmannen: 3 røyster for

FS-004/17 Vedtak:

Aurland kommune har i mange år arbeid med problemstillingar knyta til fordeler og ulemper med vasskraftanlegga i kommunen. Dette femnar om miljøforbetringar med vektlegging på fisk, villrein, kjemiske, biologiske og hydromorfologiske tilstandar.

Kommunen prioriterer miljøtiltak med reell effekt, flaumdempingstiltak og opprusting og utviklingsplanar. Kommunen legg opp til å etablera gode samarbeidsrelasjonar,

der ein legg vekt på systematiske diaologmøter og inn henting av kunnskap/løysingar frå fagmiljø og alle relevante partar.

Aurland kommune har ein god dialog med regulant i Aurlandsvassdraget om oppfølging av vassdirektivet samt planlegging/utvikling og iverksetjing av miljøforbetrande tiltak. Betra kunnskapsgrunnlag, eit godt samarbeid og nyare faglege utgreiingar om miljøtilhøva knyta til vasskraftproduksjon, gjer det ikkje hensiktsmessig å fremja krav om vilkårsrevisjon på det noverande tidpunkt. Kommunen vil på dette grunnlaget innleia forhandlingar med regulanten. Notat 127911 frå Multiconsult AS vert teke til vitande og lagd til grunn for vidare arbeid med miljøbetringar.

Aurland kommune sitt tidlegare vedtak i samband med regional vassforvaltningsplan for Sogn og Fjordane Vassområde, om å endre aurlandsreguleringa si prioritet frå høg kategori 1.1. til lågare prioritet kategori 2.1 står ved lag.

02.02.2017 Kommunestyret

Tilleggsforslag:

Framlegg frå Anders Fretheim:

Aurland kommune fremjar overfor NVE krav om vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget innan fristen 01.03.2017, sett i brev av 19.12.2016 frå NVE.

Orientering i møtet ved ordførar Noralv Distad: NVE kan opne for vilkårsrevisjon i 2019. Aurland kommunestyre sitt val er tilråding frå FS frå 26.01.2017 eller vilkårsrevisjon gjennomført etter statens regelverk. Gjennomgang av tidsline for arbeidet med saka.

Framlegg frå Anders Fretheim.

Noralv Distad ba om pause.

Røysting:

Det vart etter krav frå møteleiaren og med støtte av over 1/5 av møtedeltakarane røysta ved namneopprop.

Etter loddtrening røysta Noralv Distad først. Deretter vidare i alfabetisk rekkefølge.

Røystealternativ:

Ja for framlegget frå formannskapet; fekk 7 røyster

Nei for framlegget frå Anders Fretheim; fekk 10 røyster

Kommunestyremedlemene røysta slik:

3. Noralv Distad; røysta Ja
4. Bjørn Ebne; røysta Ja
5. Monica Finden; røysta Ja
6. Per Are Flåm; røysta Nei
7. Anders Fretheim; røysta Nei
8. Monica Gjesdal Larsen; røysta Nei
9. Hege Loven; røysta Nei
10. Anita Lærum; røysta Nei
11. Marianne Holme; røysta Nei
12. Terje Horvei; røysta Nei
13. Jonas Ure Hylland; røysta Ja

14. Bjarne Petterson; røysta Ja
15. Sturle Ryum; røysta Nei
16. Bengt Erlend Skjerdal; røysta Nei
17. David Underdal; røysta Nei
1. Leiv Jarle Bergheim; røysta Ja
2. Johannes Dalsbotten; røysta Ja

KS-005/17 Vedtak:

Aurland kommune fremjar overfor NVE krav om vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget innan fristen 01.03.2017, sett i brev av 19.12.2016 frå NVE.

Vedlegg:

notat_127911_-02_om_revisjon_aurland_brg ver 3 final 6 jan
2016-Tiltak i Aurlandsvassdraget-BOD
Revisjon av konsesjonsvilkår for Aurlandsvassdraget. Vidare saksgang - nytt vedlegg til sak 004/17 i FS 26.01.17
Uttale frå Aurland kommune til Regional Vassforvaltningsplan med tiltaksprogram
Orientering formannskap 3. oktober 2013
Konsekvenser av aktuelle tiltak i rapport 49/2013 frå NVE/MIDI
Orientering om konsesjonsvilkår for Aurlandsvassdraget
Ber om orientering om planar i samband med vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget
Svar på brev om vilkårsrevisjon frå Aurland kommune
Kommentarar til rapport om aktuelle tiltak i samband med vilkårsrevisjon for vassdragsreguleringane i Aurlandsvassdraget -
Kommentarar til rapport om aktuelle tiltak i samband med vilkårsrevisjon for vassdragsreguleringane i Aurlandsvassdraget -
LVK sin presentasjon av kommunane sine oppgåver og moglegheiter i revisjonssaker v/
Advokat Stein Erik Stinessen - LVK revisjonsseminar 11. januar 2017
Brev frå Multiconsult til Aurland kommune (vedkjem sak 005/17)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Vassdragsreguleringslova 14.12.1917

Vassressurslova 2000-11-24-82

Vassdirektivet med vassførseigna kgl.res. 15. desember 2006

Plan og bygningslova

Avtale med Aurland Elveeigarlag frå 2 mai 1973

Reguleringsskjønn for Aurlandsvassdraget 1977

Saksopplysningar

Noverande konsesjonar Aurlandsanlegga kan opnast for revisjon i 2019 og handlar om tilhøve mellom konsesjonær dvs. E-CO Energi as og krav frå part som representera almenne interesser. Heimelsgrunnlag ligg i Vassdragsreguleringslova

og Industrikonsesjonslova. Men EU sitt vassdirektiv og vassforskriften er retningsgivande for vilkårsprioriteringar og endringar.

I framlegg til nye retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår (OED 2012) gjeld revisjon av vilkår desse konsesjonar for Aurlandsvassdraget: Tillatelse kgl.res 26.09.1969 og tillatelse til endring ved kgl.res. 25.07.75 (om planendringar, samt st.prp nr 144 1968/69 inkl. stortingsreferat og Inst. S. nr 400 (74/75) inkl. stortingsreferat).

For tidsavgrensa konsesjonar gjeve etter 1959 fram til 1992 er det høve til å opne for revisjon etter 50 år (jf. vassdragsreguleringslova §10-3 revisjonsintervall 30 år). Det er vanleg at part som representerer ålmenne interesser kan krevja revisjon og normalt er det kommunane som representerer ålmenta. Hovudføremålet er å betre miljøstilstand og rette opp skader og ulemper som følgje av reguleringa. Framlegg om miljøtiltak skal avvegast opp mot føremålet som er kraftproduksjon. Det er berre vilkåra og ikkje sjølve konsesjonen som kan reviderast eller betrast.

I rettleiar frå OED er det framheva at avbøtande tiltak og ulemper er:

Magasinfylling/tapping, Vassføring/variasjon, vassstemperatur og kvalitet(vassdirektivet), endringar i vassføring, hindringar for fisk (både opp og nedstrøms), naturmiljø langs vassdraga t.d. (fisk, friluftsliv, landskap m.v) og andre tilhøve som følgjer av utbygginga t.d. (anleggsveggar, ferdsel, merking, kulturminne).

Sjølve revisjonsprosessen er omfattande og krev mykje tid og ressursar. Endeleg avgjerd om endra vilkår vert vedteke ved kgl. resolusjon i statsråd.

Saksgang for revisjonar er som følgjar:

1. Representantar for ålmenta fremjar behov for endring og krav om miljøforbetringar til NVE
2. NVE ber regulant/konsesjonær om merknader til innkomne krav
3. NVE tek avgjerd om å opne for revisjon.
4. Regulant/konsesjonær utarbeidar revisjonsdokument etter mal frå NVE
5. Revisjonsdokument vert send på høyring til partar med minimum 3 mnd frist
6. NVE vurderer innkomne merknader og utarbeidar innstilling om endra vilkår til OED
7. Kongen i statsråd vedtek revisjon

Røynsler frå eksisterande revisjonar tilseier fleire år med sakshandsaming og utgreiingar før endeleg revisjonsdokument ligg føre.

Alternativet til formell vilkårsrevisjon er at kommunen og relevante interesser forhandlar om miljøforbetringar og om mogleg utviklingsprosjekt med regulant/konsesjær med utgangspunkt i standardvilkår og faktakunnskap. Kommunen vil representere ålmenta og ha ein avgjerande rolle i å koordinere og syte for at alle relevante problemstillingar vert drøfta. Eit plandokument med framlegg til endre vilkår må slutthandsamast og godkjennast av vassdragsmyndigheit dvs. NVE/OED med avgjerd i statsråd. På mange måtar er dette ein forenkla revisjon med innføring av standardvilkår. Vert partane usamde om viktige problemstillingar, kan kvar part fremja krav om formell revisjon til NVE jf. saksprosedyre punkt 1 til 7.

I Aurland er det nytta store ressursar på å utvikle kunnskap og fakta dokumentasjon om miljøverknader i vassdraget. Mykje av desse ressursane har er og har vore knyta til aure og laks på anadrom elvestrekning dvs. Vassbygdielva (med sideløp) og aurlandsvassdraget (med sideløp) nedanfor vassbygdivatn. Jf. tidlegare rapportar frå rådgjevande biologar og FoU prosjekt Envidorr 2009 til 2014. I ein statusrapport for Aurlandsvassdraget i 2015 frå e-co Energi AS er alle tiltak etter 1980 lista opp. Vidare ligg det føre planar om nye tiltak og undersøkingar fram mot 2020. Det er innført minstevassføring i Aurlandselvi med variasjonar, utsettingspålegg for fisk og undersøkingar/ overvakingsprogram. Partane har og drøfta minstevassføring i vassbygdielva. Aurland kommune har engasjert Multiconsult AS til å gå gjennom noverande miljøtilhøve i vassdraget og kome med tilråding til prioriteringar av kva faglege forbetringar som bør prioriterast framover og som grunnlag i ein revisjon.

Dei rår til å prioritere anadrom strekning med utgreiing av minstevassføring (Aurlandselvi, vassbygdielvi, vetlebotn), utsettingspålegg, ferdsel i villreinområde og flaumdempingspotensiale.

Økonomiske konsekvensar

Moglege tap av inntekter pga. endra produksjon/verdigrunnlag i kraftverk

Bruk av faglege og juridiske konsulentar i revisjonsprosess

Vurdering